



Arbeidsbåtar for havbruksnæringen har ein god marknad for tida (Foto: Lerøy)

Svein Arne Eidsvik er i halv stilling i jobben med arbeidsbåten til havbruksnæringen som Fitjar Mekaniske Verksted byggjer i den leigde hallen til Eidsvik Skipsverft og opplysar at det no er 10-12 mann i arbeid med produksjonen. Ingen av dei er frå Uskedalen, men dei er polakkar knytt til Fitjar-firmaet NV Marine. Eidsvik sjølv er også på jobb i Fitjar når uskedalen.no har kontakt med han. Det vil etterkvart bli rekruttert inn ein stab på rundt 20 for å fullføra jobben. Båten skal vera klar i juli.

Båtbyggjarane bur i leigd hus i Uskedalen der dei også får servert eit varmt måltid.

Det trengs 60 tonn stål til katamaranen og starten vart litt forseinka fordi dei venta på stålet, Men no er omtrent halvparten på plass og Eidsvik reknar med at framdrifta er i rute.

Tekst,og nett: Ola Matti Mathisen